



SOGN OG FJORDANE
FYLKESKOMMUNE

Årsmelding 2019

Fylkesrådet for menneske
med nedsett funksjonsevne



Innhold

Rolle og funksjon i valperioden 2015 - 2019	2
Arbeidsplan 2016 – 2019.....	3
Aktivitetsåret 2019	4
Deltaking i andre råd, utval, kurs og konferansar	5
Uttalar frå fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne.....	5
Uttale frå fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne i Sogn og Fjordane, til reglement i Vestland fylkeskommune:.....	5
Høyringsuttale til ny forskrift om medverknadsorgan:	7
Høyringsuttale til ny regional handelsføresegn i Sogn og Fjordane:	7
Høyringsuttale til forslag om ny spesialistgodkjenning for sjukepleiarar:.....	7
Høyringsuttale til forslag om fjerning av aldersavgrensing for BPA:	7

Rolle og funksjon i valperioden 2015 - 2019

Fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne er eit rådgjevande organ for fylkeskommunen. Rådet skal handsame saker som gjeld menneske med nedsett funksjonsevne, med tanke på å gjere kvardagen enklare for dei. I møte i fylkesutvalet 4. november 2015 i sak 109/15: Val av medlemer til nemnder o.a. vart fylgjande valt for perioden 2015 – 2019:

Medlem: Erlend Haugen Herstad (Sp)
Varamedlem: Gunn Karin Sande (Sp)

Medlem: Odd Atle Stegegjerdet (Ap)
Varamedlem: Beate Bondevik Lie (KrF)

Medlem: Wenche Røkenes (FFO – Funksjonshemmedes fellesorganisasjon)
Varamedlem: Anita Æsøy (FFO)

Medlem: Magnus Strand (FFO)
Varamedlem: Geir Liavåg Strand (FFO)

Medlem: Bente Underthun (SAFO – samarbeidsforumet av funksjonshemmedes organisasjoner)
Varamedlem: Eldbjørg Lie (SAFO)

Fylkesutvalet valde i møte 4. november 2015 fylgjande som leiar og nestleiar:

Erlend Haugen Herstad - leiar
Odd Atle Stegegjerdet - nestleiar

Wenche Røkenes søkte om fritak frå vervet i mai 2017. Fylkesutvalet handsama søknaden i møte 20. juni 2017, og gjorde slikt vedtak i sak 66/17:

1. Fylkesutvalet fritar Wenche Røkenes frå sitt verv i fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne
2. fylkesutvalet vel som ny medlem i fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne: Anita Æsøy
3. Fylkesutvalet vel som ny varamedlem i fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne: Synnøve Solhaugen Engen

Fylkeskommunale og kommunale råd for menneske med nedsett funksjonsevne er lovpålagt gjennom *Lov av 17.06.05 om råd eller anna representasjonsordning i kommunar og fylkeskommunar for menneske med nedsett funksjonsevne*. Meir detaljar om lova finn du her:

<https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2005-06-17-58>

Møteprotokollar frå alle møte i fylkesrådet ligg på heimesidene til Sogn og Fjordane fylkeskommune. Ein kan finne desse på i denne lenka: <https://www.sfj.no/fylkesraadet-for-menneske-med-nedsett-funksjonsevne.350444.nn.html>

Arbeidsplan 2016 – 2019

Fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne justerte arbeidsplanen i møte 13. februar 2019:

Visjon:

Menneske med nedsett funksjonsevne har like rettigheter og moglegheiter som alle andre

Mål:

- Rådet vil jobbe for:
 - Likeverd og likestilling, gjennom moglegheit for likeverdig deltaking i samfunn, skule og arbeid
 - Eit meir tolerant samfunn utan diskriminering og mobbing
 - Handlings- og bevegelsesfridom som inneber like økonomiske, kunnskapsmessige og sosiale rettigheter for alle
- Innbyggerane og fylkespolitikarane i Sogn og Fjordane skal vite kva fylkesrådet er, og kva vi jobbar med - fylkestinget/fylkeskommunale organa oppsøker aktivt fylkesrådet
- Rådet ynskjer å engasjere seg i offentleg tenesteyting, opplæring og universell utforming

Tiltak:

- Lage digital informasjonsbrosjyre om fylkesrådet, samleinformasjon og dagsaktuelle ting?
- Arrangere konferanse for heile fylket i løpet av perioden
- Vere aktive i media for å stå i spissen for saker som vedkjem menneske med nedsett funksjonsevne
- Vere ein aktiv bidragsytar i fylkeskommunen sitt planarbeid
- Vere synleg i fylkesting og fylkesutval
- Oppsøke og informere alle partigruppene
- Invitere leiarane for hovudutvala (inkl. fylkesdirektørane) til dialog med fylkesrådet. Kva ser for eksempel hovudutvala for seg av kva som er utfordringar og kva fylkesrådet kan engasjere seg i
- Representantane i fylkesrådet som representerer SAFO og FFO ha dialog med brukarorganisasjonane, for å få innspel på viktige saker som fylkesrådet bør jobbe med
- Samarbeide med dei kommunale råda for å få innspel og drive oppfølging
- Sende uttalar til fylkeskommunen og andre offentlege etatar om saker som vedkjem menneske med nedsett funksjonsevne.

Aktivitetsåret 2019

Fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne gjennomførte 5 rådsmøter og handsama 11 saker i 2019. I desse rådsmøta vart det i tillegg drøfta relevante problemstillingar og handsama til saman 10 skriv og meldingar.

15. januar var møtet i fylkeskommunen sine lokale i Storehagen Atrium i Førde. Dette var eit felles møte med alle medverknadsorgana i fylkeskommunen. Ein diskuterte og gav innspel til nytt reglement for medverknadsorgana i nye Vestland fylkeskommune.

13. februar var møtet i fylkeskommunen sine lokale i Storehagen Atrium i Førde. 2 meldingssaker og 3 ordinære saker vart handsama.

14. juni var møtet hjå Hjelpemiddelsentralen i Førde. Her fekk vi ei omvising og diverse informasjon om Hjelpemiddelsentralen av dagleg leiar. Det vart handsama 5 meldingssaker og 1 ordinær sak.



Fylkesrådet på omvising hjå Hjelpemiddelsentralen i Førde.

16. september var møtet på Thon Hotell på Skei i Jølster. På dette møtet vart det handsama 3 meldingssaker, og 2 ordinære saker.

13. november vert også på Thon Hotell på Skei i Jølster. Dette vert eit avsluttande og avviklande møte for fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne i Sogn og Fjordane.

Deltaking i andre råd, utval, kurs og konferansar

Landskonferansen for fylkeskommunale råd var i Trondheim 25. – 26. september 2019. Her deltok Odd Atle, Bente, Anita og Magnus deltok. Følgjande programpostar var omtalt på konferansen:

- Tilrettelagt transport
- Universelt utforma transport
- Tilrettelagt opplæring
- Lærekandidatordninga – ein mogeleg inngang til arbeidslivet?

- Nedsett funksjonsevne og jobb – ei kort innføring i Nav sine ordningar for å fremje overgang til arbeid
- Tilrettelagt arbeid
- Korleis skape ein betre kvardag
- Inkluderande arbeidsliv
- Arbeidet med CRPD (FNs konvensjon om funksjonshemma sine rettigheter) i kommunane
- Ny rettleiar for råd for menneske med nedsett funksjonsevne
- Besøk på Rockheim



Fylkesrådsmedlemmar på veg til Trondheim på Landskonferansen.

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne i Hordaland arrangerte konferanse i Bergen 18. mars. Tema for konferansen var: «Kultur, idrett og tilgjengelegheit – med fokus på tilgjengelegheit til idrettsaktiviteter for menneske med nedsett funksjonsevne». Odd Atle, Anita og Bente deltok.

Magnus Strand har vore oppnemnd som fylkesrådet sin representant i brukarutvalet til Helse Førde i arbeidsåret 2019.

Uttalar frå fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne

Uttale frå fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne i Sogn og Fjordane, til reglement i Vestland fylkeskommune:

Fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne skreiv i møte den 15.01.19, saman med dei andre medverknadsorgana i Sogn og Fjordane følgjande uttale, til reglementet for Vestland fylkeskommune:

Kva som er bra med dagens reglement:

- *Det er positivt at interesseorganisasjonane er godt representerte i fylkesråda, for å sikre kompetansen som trengs for å diskutere saker, og å kunne kome med utalar.*
- *Størrelsen på fylkesrådet er bra, men i Vestland fylkeskommune, bør det ikkje vere færre representantar enn det som Hordaland har i dag.*
- *Det er bra at fylkesrådet har eige budsjett og at dette er nemnt i reglementet. Sidan det er avsett eige budsjett til fylkesrådet sikrar ein at fylkesrådet har god styring på eigne aktivitetar.*
- *Arbeidsutval slik som Hordaland har i dag, kan vere positivt i Vestland fylkeskommune, for å sikre at det vert jobba godt med sakene før dei kjem til handsaming i fylkesrådet.*

Kva som kan forbeistrast i dagens reglement:

- *No har det vore litt for lang tid mellom møta, og det har av og til hopa seg opp med tyngre saker. Dette handlar mykje om tid og ressursar som det er naturleg at vert nytta til arbeidet med fylkesrådet i løpet av året. Det er ynskje om å ha ein rytme og frekvens på møta som hovudutvala har.*
- *Det er viktig at fylkesrådet står fritt til å ta opp saker på eige initiativ.*
- *Støttar forslaget i forskrifta om at fylkesrådet konstituerer seg sjølv.*
- *Det er ynskje om å få sakene på eit tidlegare tidspunkt, slik at ein får god tid til å setje seg inn i sakene og høve til å kome med eventuelle innspel til endringar. Det er viktig å kome tidleg inn i sakene slik at fylkesrådet får høve til å påverke.*
- *Ynskje om at det vert nemnt spesifikt at fylkesrådet får høve til å informere om viktige saker i fylkesting, fylkesutval og/eller hovudutval.*
- *I første valperioden for Vestland fylkeskommune, bør det vere ei geografisk fordeling av medlemmane i fylkesrådet.*

Kva som er bra med dagens arbeidsform:

- *Ved behov har fylkesråda fått informasjon frå administrasjonen, til dømes frå samferdsleavdelinga om tilrettelagt transport og serviceskyssen, og frå opplæringsavdelinga om tilpassa opplæring*
- *Det har vore positivt å besøke bedrifter og få informasjon frå dei om aktuelle tema som fylkesråda jobbar med. Dette har til dømes vore besøk hos Stryn vidaregåande skule, der fylkesråda fekk omvising i visningsleilegheita og informasjon om velferdsteknologi.*
- *Det har vore positivt at ein i møta har fordjupa seg i spesielle tema, der ein har fått informasjon frå innleiarar. Sjå kulepunkta over for eksempel.*
- *Slik som sakspapir og møteprotokollar er lagt ut på heimesida til Sogn og Fjordane fungerer bra. Møtebok Fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne 15.01.2019 Side 4 av 4*

- *Det har vore dialog med interesseorganisasjonane for dei to fylkesråda, for å få innspel frå organisasjonane og for å sikre informasjon frå fylkesråda. Dette har fungert bra.*
- *Det har vore høve for medlemmane til å delta på kurs og konferansar for å halde seg fagleg oppdatert.*
- *Dialogen med dei kommunale råda har fungert delvis, ved å ha møta i ulike delar av fylket, der dei kommunale råda i nærområdet har vorte invitert til møte. Dette er ein måte å komme i kontakt med dei kommunale råda, og få til ein dialog.*
- *Det har vore viktig at fylkesrådet har hatt høve til å reise rundt i fylket. Dette har sikra at ein har vorte betre kjent med dei kommunale råda, aktuelle bedrifter i fylket og at arbeidsbyrden ved reising har vorte fordelt.*

Kva kan forbehold med dagens arbeidsform?

- *Til tider kan det vere omfattande saker som kjem til høyring, og det er mykje å lese gjennom. Det er ynskje om å få tilsendt ei oppsummering av store høyringar. Eit forslag kan vere å ha innleiar til dei store tunge sakene, slik at ein sikrar ei god innføring i problemstillingane.*
- *Det er viktig med god kontakt med dei kommunale råda for å få til ein god aktivitet i dei kommunale råda, og få innspel til aktuelle saker for fylkesrådet.*
- *Medverknadsorgana har krav på same opplæring som dei folkevalde, og det er ynskje om det vert lagt til rette for dette i Vestland fylkeskommune.*
- *Ved større planarbeid og/eller større utbyggingar i fylkeskommunal regi, er det ynskje om bli involvert i arbeidsgruppene som vert sett ned. Ynskje er med bakgrunn i å ta i vare brukarane sine interesser.*

Andre innspel:

- *Det er viktig at fylkestinget i Vestland fylkeskommune etablerer rutinar som sikrar at medverknadsorgana mottek sakene på eit så tidleg tidspunkt i sakshandsaminga, at uttalane frå råda har moglegheit til å påverke utfallet av saka.*
- *I fylkesråda i Vestland fylkeskommune, bør det vere eit fleirtal av representantar frå interesseorganisasjonane*

Høyringsuttale til ny forskrift om medverknadsorgan:

Fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne i Sogn og Fjordane ber om at det vert innarbeidd følgjande intensjon i val av råd: «Gje brukarorganisasjonane, som er representative for brukargruppene ei aktiv rolle i å foreslå representantar til råda.»

Høyringsuttale til ny regional handelsføresegn i Sogn og Fjordane:

Fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne hadde følgjande innspel: «Det er viktig at universell utforming er teke i vare når ein ferdigstiller handelsføresegna. Det bør vere eit overordna mål som blir nemnd i føresegna. I punkt nr. 4 under mål, kan ein og nemne universell utforming som ein kvalitet som må vere på plass. Det er viktig at ein sikrar likeverd og inkludering for alle menneske i samfunnet.»

Høyringsuttale til forslag om ny spesialistgodkjenning for sjukepleiarar:

Fylkesrådet hadde følgjande innspel: «Fylkesrådet ser svært positivt på at Helse- og Omsorgsdepartementet ynskjer å innføre spesialistgodkjenning for sjukepleiarar som gjennomfører den kommande masterutdanninga i klinisk allmennsjukepleie retta mot kommunale helse- og omsorgstenester.»

Høyringsuttale til forslag om fjerning av aldersavgrensing for BPA:

Fylkesrådet hadde følgjande innspel: «Fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne ser positivt på at ein fjernar aldersavgrensinga for menneske som før fylte 67 år har fått innvilga BPA. Fylkesrådet meiner vidare at menneske over 67 år bør ha lik rett til å få innvilga BPA som menneske under 67 år. Aldersgrensa bør opphevast. Vi lev lenger, og har betre funksjonsnivå i høgare alder no enn på det tidspunktet BPA vart innført. Dette gjer at ein kan oppleve å få behov for BPA i ein høgare alder enn ordninga legg opp til, noko som kan opplevast som urettferdig.»



SOGN OG FJORDANE
FYLKESKOMMUNE

Fylkesrådmannen
Fylkeshuset
Askedalen 2, 6863 Leikanger
57 63 80 00
post@sfj.no
www.sfj.no

Framsidedfoto: Rolf M. Sørensen